



Møteprotokoll for Formannskapet i Radøy

Møtedato: 15.03.2018

Møtested: Kommunestyresalen

Møtetid: 09.00

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Jon Askeland	SP	Ordførar
Jostein Borlaug	AP	Varaordførar
Anne Berit Bø Palmesen	SP	Medlem
Kirsti Gjetle Floen	AP	Medlem
Else Marie Skartveit Dale	KRF	Medlem
Kenneth Taule Murberg	H	Medlem

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle
Christel Villanger Håland	H	Medlem

Normann Sæbø (H) gjekk kl. 12.50 og deltok ikkje i sak 21 og sak 22.

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Rådmann Jarle Landås, kommunalsjef Olaf M. Hella i sak 18 og sak19, økonomisjef Sveinung Kvamme i sak 022, leiar forvaltning Tonje N. Epland i sak 20 og sak 22, arealplanleggjar Rolf Raknes i sak 22, seniorrådgjevar tilsyn Silje Hjortland Haukedal i sak 22, møtesekretær Arthur Kleiveland

Saksliste

Saksnr	Tittel
013/2018	Høyring - endringar for omdelingsfrekvens av post
014/2018	Retningsliner for prioritering ved utleige av Radøyhallen
015/2018	Klinikksstrukturplan tannhelse - Manger tannklinik - uttale
016/2018	Kommunal garanti Aufera AS - oppgradering av anlegg
017/2018	Organisering av Frivilligentralen
018/2018	Innføring av lærarnorm hausten 2018
019/2018	Tilstandsrapport for grunnskulen i Radøy 2017

- 020/2018 Plansak 12602016000100 - Kommunedelplan for Bø - politisk innspeil til planarbeidet og avgjerd om å hente inn tilbod på strandsoneanalyse og geologisk undersøking
- 021/2018 Bil til Radøy brannvern
- 022/2018 Meldingar og referatsaker

013/2018: Høyring - endringar for omdelingsfrekvens av post

Behandling:

Formannskapet drøfta saka og konkluderte med at Radøy kommune gir uttale i samsvar med innspeil frå eldrerådet og råd for menneske med nedsett funksjonsevne.

Det vart sett fram følgjande framlegg til vedtak:

Radøy kommune vil i første omgang peika på at ein har forståing for at det er økonomisk ulønsamt å halda fram med postombering 5 dagar i veka med bakgrunn i den stadig aukande digitaliseringa.

Likevel ser me at det i enkelte område og for utsette grupper er naudsynt med kompensasjon for reduksjon i tilbodet. Dette gjeld spesielt menneske med nedsett funksjonsevne og mange eldre. I Samferdselsdepartementet sin uttale kjem det fram at ei gruppe på maksimalt 30.000-35.000 personar vil verta råka. I denne gruppa er det eldre og rørslehemma som vert nemnd.

Radøy kommune vil peika på at det ikkje utelukkande er personar med rørslehemming og alderdom som vert råka. Det er fleire grunnar til at personar kan ha nedsett funksjonsevne, og me ber om at ein ser på desse tala på nytt.

I følgje rapporten «Dekningsanalysen 2017» som det vert referert til, har 99,98 % av alle husstandar i Noreg eit tilbod om breidband med minimun 4 Mbit/s nedstraums hastigkeit. Dei resterande husstandane som manglar tilbodet vil vera færre enn 1000 i følgje denne rapporten. Radøy kommune meiner at dette ikkje gjenspeglar reell dekning, då informasjon om dekning berre er rettleiande og ikkje vil vera nokon garanti for at det faktisk er dekning enkelte stader. Teoretiske berekningar om dekningsgrad seier ikkje noko om dei faktiske forhold, og vi meiner difor at mengd husstandar som ikkje har reell nett-tilgang er større enn det som vert rapportert. Dette vil etter vår mening ramma fleire.

Det vert oppfatta slik at det uansett ikkje vil vera gjennomførbart med dagens postombering. Radøy kommune stiller seg difor bak forslaget om ombering annankvar dag. Me meiner at det ikkje vil vere tenleg å berre levera post ein dag i veka.

Me ser ikkje at Posten kan koma utanom kompenserande tiltak til sårbare grupper ved innføring av redusert tilbod. Sjølv om ein oppfordrar til leige av postboks, vil det til dømes for mange vera vanskeleg å koma seg til postboksen, spesielt i distrikta. Vi stiller oss og undrande til at ein refererer til betalingsvilje dersom sendinga er viktig nok. Dette vil nok vera gjeldande for ressurssterke personar, medan det for ressurssvake vil ha motsett effekt.

Formannskapet vedtok framlegg til vedtak sett fram i møtet.

Vedtak:

Radøy kommune vil i første omgang peika på at ein har forståing for at det er økonomisk ulønsamt å halda fram med postombering 5 dagar i veka med bakgrunn i den stadig aukande digitaliseringa. Likevel ser me at det i enkelte område og for utsette grupper er naudsynt med kompensasjon for reduksjon i tilbodet. Dette gjeld spesielt menneske med nedsett funksjonsevne og mange eldre. I Samferdselsdepartementet sin uttale kjem det fram at ei gruppe på maksimalt 30.000-35.000 personar vil verta råka. I denne gruppa er det eldre og rørslehemma som vert nemnd.

Radøy kommune vil peika på at det ikkje utelukkande er personar med rørslehemming og alderdom som vert råka. Det er fleire grunnar til at personar kan ha nedsett funksjonsevne, og me ber om at ein ser på desse tala på nytt.

I følgje rapporten «Dekningsanalysen 2017» som det vert referert til, har 99,98 % av alle husstandar i Noreg eit tilbod om breidband med minimun 4 Mbit/s nedstraums hastigkeit. Dei resterande

husstandane som manglar tilbodet vil vera færre enn 1000 i følgje denne rapporten. Radøy kommune meiner at dette ikkje gjenspeglar reell dekning, då informasjon om dekning berre er rettleiande og ikkje vil vera nokon garanti for at det faktisk er dekning enkelte stader. Teoretiske berekningar om dekningsgrad seier ikkje noko om dei faktiske forhold, og vi meiner difor at mengd husstandar som ikkje har reell nett-tilgang er større enn det som vert rapportert. Dette vil etter vår mening ramma fleire.

Det vert oppfatta slik at det uansett ikkje vil vera gjennomførbart med dagens postombering. Radøy kommune stiller seg difor bak forslaget om ombering annankvar dag. Me meiner at det ikkje vil vere tenleg å berre levera post ein dag i veka.

Me ser ikkje at Posten kan koma utanom kompensererande tiltak til sårbare grupper ved innføring av redusert tilbod. Sjølv om ein oppfordrar til leige av postboks, vil det til dømes for mange vera vanskeleg å koma seg til postboksen, spesielt i distrikta. Vi stiller oss og undrande til at ein refererer til betalingsvilje dersom sendinga er viktig nok. Dette vil nok vera gjeldande for ressurssterke personar, medan det for ressurssvake vil ha motsett effekt.

014/2018: Retningsliner for prioritering ved utleige av Radøyhallen

Behandling:

Formannskapet vedtok rådmannen sitt framlegg til vedtak.

Vedtak:

Retningsliner for prioritering ved utleige av Radøyhallen vert vedtekne slik dei ligg føre.

015/2018: Klinikkstrukturplan tannhelse - Manger tannklinikk - uttale

Behandling:

Fylkestannlegen har varsla at han til fylkestinget sitt junimøte vil reisa sak om nedlegging av fleire tannklinikkar, inkludert tannklinikken på Manger.

Fylkestinget i Hordaland vedtok 8. mars 2016 ein tannklinikk-plan for Hordaland fram til 2030. Tannklinikken på Manger vart berga frå nedlegging. Men fylkestinget sitt vedtak inneber at for ein del klinikkar vil det bli gjort ny vurdering når ny kommunestruktur og oppgåvefordeling er avklart. Formannskapet meiner det er for tidleg å ta stilling til stoda for Manger tannklinikk no. Det vert peika på den framtidige tannklinikkstrukturen må vurderast når Alver kommune er i drift, og at det då vil vera naturleg å sjå tannklinikkkane på Lindås og Manger i samanheng.

Rådmann Jarle Landås peika på at tannklinikken på Manger er i særstilling mellom dei klinikkkane som fylkestannlegen no vil leggja ned. Manger-klinikken er den einaste av desse som er i full drift fem

dagar i veka.

Rådmannen viste også til at Helse- og omsorgsdepartementet har bede om ei kartlegging av kommunar som ønskjer å delta i ei prøveordning der kommunen overtar ansvaret for den offentlege helsetenesta frå fylkeskommunen. Fylkesmannen i Hordaland har særskilt oppmoda Alver kommune og Øygarden kommune om å vera med i ei prøveordning.

Etter drøftingar i formannskapet vart det sett fram følgjande felles framlegg til uttale om fylkestannlegen sitt framlegg til endring i tannklinikk-strukturen:

Uttale frå Radøy formannskap til Hordaland Fylkeskommune, vedk. tannklinikksstruktur – Manger tannklinik

Uttalen er skriven på grunnlag av at fylkestannlegen har varsle Radøy kommune om at han vil reisa sak til Hordaland Fylkesting med framlegg om nedlegging av tannklinikken på Manger.

Fylkestannlegen inviterer Radøy kommune til å gje uttale i saka. Formannskapet i Radøy utarbeidde uttalen i møte 15. mars 2017.

Fylkestinget i Hordaland vedtok 8. mars 2016 ein tannklinikks-plan for Hordaland fram til 2030. Tannklinikken på Manger vart då bera frå nedlegging. Men fylkestinget sitt vedtak inneber at for ein del klinikkar vil det bli gjort ny vurdering når ny kommunestuktur og oppgåvefordeling er avklart.

Formannskapet gjev slik uttale:

- Radøy kommune aviser framlegget om å leggja ned Manger tannklinik. Manger tannklinik utfører viktige tenester både for A, B og C-gruppa av pasientar som den offentlege tannhelsa har ansvar for. Manger tannklinik er bemanna alle fem vekedagar, noko som viser at det er eit stort tal brukarar.
- Radøy formannskap krev at Hordaland Fylkesting opprettheld Manger tannklinik, og kommunen vil sjå på ei eventuell nedleggjing som eit uakzeptabelt brot på fylkeskommunen sine positivt uttalte formuleringar om å utvikla Hordaland saman med kommunane.
- Uansett meiner Radøy formannskap at det er for tidleg å ta stilling til stoda for Manger tannklinik no. Radøy kommune krev at den framtidige tannklinikksstrukturen i Alver kommune først kan vurderast når Alver kommune er i drift, og det då vil vera naturleg å sjå tannklinikkane på Lindås og Manger i samanheng, som likeverdige i storleik og geografisk avstand til Knarvik. I intensjonsavtalen for Alver kommune er det lagt stor vekt på å oppretthalda tenestetilbodet i nærsentra, og me meiner at fylkeskommunen også må tilpassa seg dette som tenesteleverandør. I tillegg har Fylkesmannen i Hordaland utfordra Alver kommune om å vurdera kommunal drift av tannhelsetenesta.

I møtet med Radøy kommune 2018, peika fylkestannlegen på at Manger tannklinik er i særstilling mellom dei klinikkane som fylkestannlegen no vil leggja ned. Manger-klinikken er den einaste av desse som er i full drift fem dagar i veka. Det er meiningslaust å leggja ned eit slikt tilbod, som dokumenterer eksistensen sin på ein slik måte.

Manger tannklinik har ei gunstig plassering geografisk midt på Radøy, der den største barneskulen er, og i tillegg den einaste ungdomsskulen og samtlege helseinstitusjonar. For ungdomsskuleelevarne er tannklinikken i gangavstand for dei ca 200 elevane dette gjeld. For barneskuleelevarne i resten av kommunen er det maks 20 minuttks køyring til Manger, noko som gjer det lett å koordinera tannlegebesøk for foreldra. Dersom tilbodet vert flytta til Knarvik vil t.d. elevane frå Hordabø få 3 kvarters reisetid kvar veg, noko som for barneskuleelevar inneber at foreldra må ta fri frå arbeid for å følgja til tannlegen. Ei slik løysing inneber at foreldra i praksis må ta fri ein heil arbeidsdag, og gjev store samfunnsmessige tap. Det er difor økonomisk ulønsamt å leggja ned tannklinikken i distrikta og

sentralisera dette i Knarvik.

Formannskapet legg likevel ekstra vekt på tilbodet for pasientar i B- og C-gruppa. Tannhelsetenesta for sjuke og eldre må drivast med like stor verdigheit som kommunen si helseteneste. Ei nedleggjing av Manger tannklinik vil for desse vera ei unødig belastning i ambulanse til Knarvik.

I møtet med kommunen sa fylkestannlegen at bygget ikkje held mål med ventilasjon og fuktskader. Bygget har dei siste åra vore gjennom fleire store rehabiliteringar inklusiv nytt ventilasjonsanlegg, så me er usamd i dette. Kommunen er likevel innstilt på å gå i dialog om andre lokaliseringar i dei kommunale bygga på Manger. Me meiner likevel at samlokaliseringa i Manger helsehus er den beste.

Radøy formannskap viser til at Helse- og omsorgsdepartementet har bede om ei kartlegging av kommunar som ønskjer å delta i ei prøveordning der kommunen overtar ansvaret for den offentlege helsetenesta frå fylkeskommunen. Fylkesmannen i Hordaland har særskilt oppmoda Alver kommune og Øygarden kommune om å vera med i ei prøveordning. Dette forsterkar haldninga vår om at det uansett er for tidleg å ta stilling til framtida for Manger tannklinik no. Den avgjerda må takast av Alver kommune.

Radøy formannskap vil derfor avslutningsvis oppmoda Hordaland Fylkeskommune om å spela på lag med Fylkesmannen i Hordaland og aktuelle kommunar i fylket om å få i stand ei ordning der ein får prøvt ut kommunal drift av tannhelsetenesta.

Radøy formannskap utfordrar også Hordaland Fylkeskommune til eit aktivt engasjement for å utvikla ordninga med å inngå driftsavtalar med privatpraktiserande tannlegar. Radøy kommune har med stort hell hatt slik driftsmodell for fastlegane våre gjennom fleire tiår. Dette fungerer, og er effektiv forvalting av offentlege midlar. Radøy formannskap noterer seg frå media at Fylkeskommunen ikkje har framstått som særleg samarbeidsvillig for å utvikla slike løysingar i Masfjorden, Gulen, Fedje.

Tannhelsetenesta må drivast til beste for innbyggjarane. Radøy formannskap kan ikkje sjå at innbyggjarane i Nordhordland får den beste tannhelsetenesta ved å sentralisera alt til Knarvik, då viser fylkeskommunen i så fall små distriktpolitiske ambisjonar.

Formannskapet slutta seg til framlegg til uttale sett fram i møtet.

Vedtak:

Uttale frå Radøy formannskap til Hordaland Fylkeskommune, vedk. tannklinikstruktur – Manger tannklinik

Uttalen er skriven på grunnlag av at fylkestannlegen har varsla Radøy kommune om at han vil reisa sak til Hordaland Fylkesting med framlegg om nedleggning av tannklinikken på Manger. Fylkestannlegen inviterer Radøy kommune til å gje uttale i saka. Formannskapet i Radøy utarbeidde uttalen i møte 15. mars 2017.

Fylkestinget i Hordaland vedtok 8. mars 2016 ein tannklinikks-plan for Hordaland fram til 2030. Tannklinikken på Manger vart då berga frå nedleggning. Men fylkestinget sitt vedtak inneber at for ein del klinikkar vil det bli gjort ny vurdering når ny kommunestruktur og oppgåvefordeling er avklart.

Formannskapet gjev slik uttale:

- Radøy kommune aviser framlegget om å leggja ned Manger tannklinik. Manger tannklinik utfører viktige tenester både for A, B og C-gruppa av pasientar som den offentlege tannhelsa har ansvar for. Manger tannklinik er bemanna alle fem vekedagar, noko som viser at det er eit stort tal brukarar.

- Radøy formannskap krev at Hordaland Fylkesting opprettheld Manger tannklinik, og kommunen vil sjå på ei eventuell nedleggjing som eit uakseptabelt brot på fylkeskommunen sine positivt uttalte formuleringar om å utvikla Hordaland saman med kommunane.
- Uansett meiner Radøy formannskap at det er for tidleg å ta stilling til stoda for Manger tannklinik no. Radøy kommune krev at den framtidige tannklinikstrukturen i Alver kommune først kan vurderast når Alver kommune er i drift, og det då vil vera naturleg å sjå tannklinikane på Lindås og Manger i samanheng, som likeverdige i storleik og geografisk avstand til Knarvik. I intensjonsavtalen for Alver kommune er det lagt stor vekt på å oppretthalda tenestetilbodet i nærsentra, og me meiner at fylkeskommunen også må tilpassa seg dette som tenesteleverandør. I tillegg har Fylkesmannen i Hordaland utfordra Alver kommune om å vurdera communal drift av tannhelsetenesta.

I møtet med Radøy kommune 2018, peika fylkestannlegen på at Manger tannklinik er i særstilling mellom dei klinikkane som fylkestannlegen no vil leggja ned. Manger-klinikken er den einaste av desse som er i full drift fem dagar i veka. Det er meiningslaust å leggja ned eit slikt tilbod, som dokumenterer eksistensen sin på ein slik måte.

Manger tannklinik har ei gunstig plassering geografisk midt på Radøy, der den største barneskulen er, og i tillegg den einaste ungdomsskulen og samtlege helseinstitusjonar. For ungdomsskuleelevarne er tannklinikken i gangavstand for dei ca 200 elevane dette gjeld. For barneskuleelevarne i resten av kommunen er det maks 20 minuttks køyring til Manger, noko som gjer det lett å koordinera tannlegebesøk for foreldra. Dersom tilbodet vert flytta til Knarvik vil t.d. elevane frå Hordabø få 3 kvarters reisetid kvar veg, noko som for barneskuleelevar inneber at foreldra må ta fri frå arbeid for å følgja til tannlegen. Ei slik løysing inneber at foreldra i praksis må ta fri ein heil arbeidsdag, og gjev store samfunnsmessige tap. Det er difor økonomisk ulønsamt å leggja ned tannklinikken i distrikta og sentralisera dette i Knarvik.

Formannskapet legg likevel ekstra vekt på tilbodet for pasientar i B- og C-gruppa. Tannhelsetenesta for sjuke og eldre må drivast med like stor verdigheit som kommunen si helseteneste. Ei nedleggjing av Manger tannklinik vil for desse vera ei unødig belastning i ambulanse til Knarvik.

I møtet med kommunen sa fylkestannlegen at bygget ikkje held mål med ventilasjon og fuktskader. Bygget har dei siste åra vore gjennom fleire store rehabiliteringar inklusiv nytt ventilasjonsanlegg, så me er usamd i dette. Kommunen er likevel innstilt på å gå i dialog om andre lokaliseringar i dei kommunale bygga på Manger. Me meiner likevel at samlokaliseringa i Manger helsehus er den beste.

Radøy formannskap viser til at Helse- og omsorgsdepartementet har bede om ei kartlegging av kommunar som ønskjer å delta i ei prøveordning der kommunen overtar ansvaret for den offentlege helsetenesta frå fylkeskommunen. Fylkesmannen i Hordaland har særskilt oppmoda Alver kommune og Øygarden kommune om å vera med i ei prøveordning. Dette forsterkar haldninga vår om at det uansett er for tidleg å ta stilling til framtida for Manger tannklinik no. Den avgjerda må takast av Alver kommune.

Radøy formannskap vil derfor avslutningsvis oppmoda Hordaland Fylkeskommune om å spela på lag med Fylkesmannen i Hordaland og aktuelle kommunar i fylket om å få i stand ei ordning der ein får prøvt ut communal drift av tannhelsetenesta.

Radøy formannskap utfordrar også Hordaland Fylkeskommune til eit aktivt engasjement for å utvikla ordninga med å inngå driftsavtalar med privatpraktiserande tannlegar. Radøy kommune har med stort hell hatt slik driftsmodell for fastlegane våre gjennom fleire tiår. Dette fungerer, og er effektiv

forvalting av offentlege midlar. Radøy formannskap noterer seg frå media at Fylkeskommunen ikkje har framstått som særleg samarbeidsvillig for å utvikla slike løysingar i Masfjorden, Gulen, Fedje.

Tannhelsetenesta må drivast til beste for innbyggjarane. Radøy formannskap kan ikkje sjå at innbyggjarane i Nordhordland får den beste tannhelsetenesta ved å sentralisera alt til Knarvik, då viser fylkeskommunen i så fall små distriktpolitiske ambisjonar.

Formannskapet slutta seg til framlegg til uttale sett fram i møtet.

016/2018: Kommunal garanti Aufera AS - oppgradering av anlegg

Behandling:

Utskrift av styrevedtak i Aufera as vart delt ut i møtet og blir lagt ved saka.

Rådmann Jarle Landås orienterte i saka og påpeika at det ikkje vil vera risikofritt for kommunen å gje denne lånegarantien. Han påpeika at dersom dei tre eigarkommunane seier ja til søknaden, vil den samla lånegarantien truleg vera større enn det eigedomen vil kunne seljast for. Han ser også moglegje utfordringar i at Aufera kjøper eit AS og ikkje ein eigedom/bygg. Rådmannen ser også ein viss fare i at vedlikehaldet/oppgraderinga av bygget på Manger-kaien kan bli noko dyrare enn det er rekna med. Medlemene i formannskapet understreka verdien av det tilbodet som Aufera gir, og dei ønskjer sterkt å ha denne type arbeidsplassar på Manger. Mellom anna er det VTA-plassar i NAV-regi knytt til verksemda.

Samtidig ønskjer formannskapet å få best mogleg grunnlag for å vurdera kommunen sin risiko ved å gje lånegaranti. Formannskapet ber difor om meir dokumentasjon frå Aufera om ulike sider ved prosjektet, før saka kjem til endeleg handsaming i kommunestyret.

Det vart sett fram følgjande felles framlegg i møtet:

Formannskapet er innstilt på å leggja fram rådmannen si innstilling til kommunestyret.

Formannskapet ber Aufera gjennomføra ei kvalitetssikring av garantisøknaden før kommunestyrehandsaminga, gjerne av uavhengig aktør. Formannskapet er særleg opptatt av å få vurdert økonomisk risiko til overslaga og forhold knytt til at eigedomskjøpet gjeld kjøp av eit as.

Formannskapet ber om at Aufera sitt driftsbudsjett vert lagt fram til kommunestyret.

Radøy kommune garanterer med sjølvskuldtnargaranti for lån i Kommunalbanken som Aufera AS tek opp til oppgradering av eigedom på Manger kai.

Garantien gjeld for hovudstolen på lånet, maksimalt NOK 3.500.000, med tillegg på 10% av til ei kvar tid gjeldande hovudstol, til dekking av påkomne renter og kostnader. Kommunen sitt maksimale garantiansvar kan ikkje overstiga NOK 3.850.000.

Garantiansvaret vert redusert i takt med nedbetalinga av lånet, og opphøyrer etter 25 år, med tillegg av inntil 2 år, jf garantiforskrifta §3.

Det er vidare ein føresetnad at Radøy kommune får tinglyst pantobligasjon NOK 9.000.000 i eigedomen gnr 44 bnr 8 i Radøy kommune som sikkerheit for garantien.

Overtakinga av anlegget skal gjerast på ein måte som sikrar Aufera AS full råderett over eigedomen gnr 44 bnr 8, utan at Aufera overtek noko ansvar for økonomiske tilhøve som skriv seg frå tidlegare

eigar.

Det er ein føresetnad at avtale med Austrheim og Fedje om høvesvis deling av ansvar for mogeleg konstaterete tap som følgje av garantien vert utvida til 9 mill.

Garantivedtaket skal godkjennast av Fylkesmannen i Hordaland.

Vedtak:

Formannskapet ønskjer sterkt ei vidare drift av tilbodet Aufera gir på Manger.

Formannskapet er innstilt på å leggja fram rådmannen si innstilling til kommunestyret.

Formannskapet ber Aufera gjennomføra ei kvalitetssikring av garantisøknaden før kommunestyrehandsaminga, gjerne av uavhengig aktør. Formannskapet er særleg opptatt av å få vurdert økonomisk risiko til overslaga og forhold knytt til at eigedomskjøpet gjeld kjøp av eit as.

Formannskapet ber om at Aufera sitt driftsbudsjett vert lagt fram til kommunestyret.

Radøy kommune garanterer med sjølvskuldgnargaranti for lån i Kommunalbanken som Aufera AS tek opp til oppgradering av eigedom på Manger kai.

Garantien gjeld for hovudstolen på lånet, maksimalt NOK 3.500.000, med tillegg på 10% av til ei kvar tid gjeldande hovudstol, til dekking av påkomne renter og kostnader. Kommunen sitt maksimale garantiansvar kan ikkje overstiga NOK 3.850.000.

Garantiansvaret vert redusert i takt med nedbetalinga av lånet, og opphører etter 25 år, med tillegg av inntil 2 år, jf garantiforskrifta §3.

Det er vidare ein føresetnad at Radøy kommune får tinglyst pantobligasjon NOK 9.000.000 i eigedomen gnr 44 bnr 8 i Radøy kommune som sikkerheit for garantien.

Overtakinga av anlegget skal gjerast på ein måte som sikrar Aufera AS full råderett over eigedomen gnr 44 bnr 8, utan at Aufera overtek noko ansvar for økonomiske tilhøve som skriv seg frå tidlegare eigar.

Det er ein føresetnad at avtale med Austrheim og Fedje om høvesvis deling av ansvar for mogeleg konstaterete tap som følgje av garantien vert utvida til 9 mill.

Garantivedtaket skal godkjennast av Fylkesmannen i Hordaland

017/2018: Organisering av Frivilligsentralen

Behandling:

Ordførar og varaordførar har vore i møte med styret i Frivilligsentralen, der organisering av sentralen vart drøfta.

Formannskapet meiner det er natuleg at endringar i organisasjons- og styringsstrukturen for Frivilligsentralen i Radøy vert sett i samanheng med øvrige prosjekt i Alver kommune.

Kirsti Gjetle Floen (AP) meiner det er viktig at Frivilligsentralen engasjerer seg i arbeidet med å integrera flyktingar.

Ho sette fram følgjande tilleggsframlegg:

Formannskapet oppmodar Frivilligsentralen om å kartlegga behov for frivillige tenester/ønske om å bidra som frivillig, etablera uformelt samarbeid med andre aktørar, og inkludera nye målgrupper i sitt frivillige arbeid.

Formannskapet vedtok rådmannen sitt framlegg til vedtak, med tilleggsframlegg sett fram i møtet.

Vedtak:

Arbeid med å endra organisasjons- og styringsstruktur for Frivilligsentralen i Radøy vert utsett og sett i samanheng med øvrige prosjekt i Alver kommune.

Formannskapet oppmodar Frivilligsentralen om å kartlegga behov for frivillige tenester/ønske om å bidra som frivillig, etablera uformelt samarbeid med andre aktørar, og inkludera nye målgrupper i sitt frivillige arbeid.

018/2018: Innføring av lærarnorm hausten 2018

Behandling:

Kommunalsjef Olaf M. Hella orienterte om lærarnorma. Slik det ser ut så langt, vil innføringa av lærarnorma medføra at skulane vil mista løyvinga til "tidleg-innsats".

Kommunalsjefen sa at det vil vera negativt for Radøy-skulane at "tidleg-innsats"-midlane forsvinn. Berre for Hordabø skule vil denne endringa innebera ei styrking av tilbodet

Fleire medlemer i formannskapet viste til at innføringa av lærarnorma slår feil ut i forhold til intensjonen og meiner dette er bekymringsfullt. Kommunalsjefen sa at det er meininga at ordninga med lærarnorm skal evaluerast.

Formannskapet vedtok rådmannen sitt framlegg til vedtak.

Vedtak:

Kommunestyret tek innføring av lærarnorm til orientering.

019/2018: Tilstandsrapport for grunnskulen i Radøy 2017

Behandling:

Kommunalsjef Olaf M. Hella orienterte om tilstandsrapporten for grunnskulen. Han sa at

lesekompesanse, læremiljø og innføring av ny læreplan vil vera satsingsområde i skulane i Radøy dei neste åra. Han understreka at dette er eit langsiktig arbeid som krev tolmod, men at riktig satsing vil gje resultat.

Kommunalsjefen er bekymra over lesekompesansen på 5. årstrinn, og sa at det er sett inn tiltak.

Målet er at dette trinnet skal vera på landssnittet i lesing innan to år. Han understreka at lesekompesanse er avgjerande viktig for korleis elevane gjer det i andre fag.

Kommunalsjefen ser også med uro på skilnaden i grunnskulepoeng for gutter og jenter, noko som er ei bekymring også nasjonalt. Han oppsummerte med at det er nødvendig å løfta ilag og ha felles innsats for å lukkast med utfordringane i grunnskulen i Radøy.

Formannskapet vedtok rådmannen sitt framlegg til vedtak.

Vedtak:

Formannskapet tek Tilstandsrapport for grunnskulen i Radøy 2017 til orientering.

020/2018: Plansak 12602016000100 - Kommunedelplan for Bø - politisk innspeil til planarbeidet og avgjerd om å hente inn tilbod på strandsoneanalyse og geologisk undersøking

Behandling:

Ordførar Jon Askeland informerte om at formannskapet i sitt neste møte gjer ei synfaring i planområdet på Bø og drøftar dei mange innspeil og merknader som er kome til planframlegget.

Leiar teknisk forvaltning, Tonje N. Epland, sa at planavdelinga etter hovudutvalet sitt innspeil i forrige møte, har behov for å ei avklaring i formannskapet som styringsgruppe for kommunedelplanen.

Ordførar Jon Askeland konstaterer at det er ønske og vilje hjå dei ulike aktørane i planområdet å gje kommunedelplanen ein sjanse, for at ikkje planprosessen skal strekkja seg langt inn i Alver kommune. Ordføraren meiner det ligg til rette for ein god del utvikling og verdiskaping i planområdet. Samtidig sa han at det er kome kraftige innspeil mot strandsoneanalysen som er laga.

Formannskapet drøfta kor vidt det er fornuftig å innhenta ein ny strandsoneanalyse, men konkluderte med at ein vil koma lengst med å utfordra planen i dialog med fylkesmannen.

Formannskapet drøfta også mogleg geologisk undersøking på bakgrunn av at den sør/austre delen av gnr 24/37 ligg innafor føresegnsområde i kommunedelplanen. Her kan det vera eit potensielt kvikkleire-område. Formannskapet ønskjer å vita kva ei geologisk undersøking i dette området vil kosta.

Det vart sett fram følgjande framlegg til vedtak i møtet:

Formannskapet innhentar ikkje tilbod på arbeid med funksjonell strandsoneanalyse.

Følgjande spørsmål vert å koma attende til i samband med synfaring i neste møte i formannskapet:

- Om det skal hentast inn tilbod på arbeid med geologiske undersøkingar og KU for det potensielle leirområdet. Formannskapet ber administrasjonen henta inn prisoverslag for geologisk undersøking.

- Om arealføremål for del av eigedom gnr 24/11 skal endrast frå LNF til byggeområde for bustad og om byggegrense mot sjø for det same arealet skal flyttast.

Formannskapet vedtok fellesframlegget sett fram i møtet.

Vedtak:

Formannskapet innhentar ikkje tilbod på arbeid med funksjonell strandsoneanalyse.

Følgjande spørsmål vert å koma attende til i samband med synfaring i neste møte i formannskapet:

- Om det skal hentast inn tilbod på arbeid med geologiske undersøkingar og KU for det potensielle leirområdet. Formannskapet ber administrasjonen henta inn prisoverslag for geologisk undersøking.
 - Om arealføremål for del av eigedom gnr 24/11 skal endrast frå LNF til byggeområde for bustad og om byggegrense mot sjø for det same arealet skal flyttast.
-

021/2018: Bil til Radøy brannvern

Behandling:

Rådmann Jarle Landås viste til at denne saka er politisk bestilling. Han peika på at "First responder"-bil vil vera ei styrking av helseberedskapen og eit tilbod til innbyggjarane særleg knytt til hjartestans. Samtidig vil denne type kommandobil gje brannvernet auka beredskap ved brann og i andre situasjonar.

Radøy manglar i dag «first responderbil», og formannskapet er ikkje i tvil om at denne forsterka beredskapen vil vera med og redda liv.

Formannskapet vedtok rådmannen sitt framlegg til vedtak.

Vedtak:

1. Kjøp av kommandobil til Radøy brannvern vert gjennomført i første halvdel av 2018.
 2. Kjøp av kommandobil vert finansiert over disposisjonsfondet.
-

022/2018: Meldingar og referatsaker

Behandling:

Rekneskap 2017: Økonomisjef Sveinung Kvamme presenterte ein førebels gjennomgang av rekneskap for 2017. Driftsresultatet viser eit mindreforbruk på nesten 7,7 millionar kroner. Med dette overskotet lagt har Radøy kommune eit samla disposisjonsfond og udisponert overskot på ca

24 mill. kroner.

Økonomisjefen sa at det gode fjarårsresultatet ikkje minst skuldast meirinntekter på 4,9 mill. kroner, mellom anna ved at skatteinngangen vart større enn forventa og at rammetilskotet frå staten vart høgare enn budsjettet.

Korrigert for bruk og avsetjing til bundne fond, viser den "reine" drifta eit netto driftsresultat på om lag 6,5 mill. kroner eller 1,5 prosent av driftsinntektene.

Radøy har frå før eit bokført disposisjonsfond på 16,3 mill. Dersom resultatet frå 2017 vert tilført disposisjonsfondet, vil kommunen ha ca 24 mill. på dette fondet. Økonomisjefen peika på at disposisjonsfondet for første gong er større enn premieavvik.

Formannskapet gav uttrykk for at dei er godt tilfreds med 2017-resultatet. Ordførar Jon Askeland slo fast at Radøy kommune kan gå med ganske så rak rygg inn mot Alver kommune.

Oppfølging ulovlege tiltak: Seniorrådgjevar på tilsyn Silje Hjortland Haukedal orienterte om arbeidet med å følgja opp ulovlege tiltak. Det har vore prioritert å følgja opp saker som har vore starta tidlegare for å få avslutta opne saker. Det har gått ut brev i nesten alle desse sakene (ca 40).

Det er i samsvar med strategiplan for tilsyn ei prioritert oppgåve å følgja opp saker der det er fare for liv og helse, og saker der kulturminne er råka.

Haukedal informerte også om at det er sendt ut førespurnad om ferdigstilling av veg og VA-anlegg i fleire bustadfelt som har fått mellombels bruksløkke for om lag ti år sidan. Av omsyn til at privatpersonar skal kunne få ferdigattest på bustadene må desse fellesanlegga no ferdigstillast.

Det er i strategiplanen lagt opp til eit systematisk tilsyn der målet er tilsyn i 10 prosent av alle ordinære byggesaker og 100 prosent av alle registreringssaker.

Det er ført tilsyn i alle registreringssaker som er kome inn så langt (ca 20). Haukedal informerte om at mange av dei viser seg å vera i strid med plan, byggeforbod i strandsone, veglova eller anna regeleverk. Eigarane er tilskrivne, og desse sakene er det no i ferd med å koma inn søknader på. Sjølv om dette i utgangspunktet er små tiltak har kommunen gjennom strategiplanen prioritert å føra tilsyn i alle sakene. Grunngjevinga er at kommunen pliktar å føra alle registreringssaker i matrikkelen (eigedomsregisteret), og at dei fleiste, til dømes i samband med sal av eigedomen, vil tru at registrerte tiltak er lovlege tiltak. Det å føra ulovlege tiltak i eit offentleg register vil såleis kunne skapa framtidige konfliktsaker. Radøy kommune har difor gjennom strategiplanen prioritert å gjera eigar merksam på desse sakene allereie på registrerings-tidspunktet, slik at dei kan sjøkast om og koma i lovlege former.

Vidare framover vil det verta starta arbeid på resterande reigstrerte saker, i samsvar med prioriteringar som er gjort i strategiplanen. Dette gjeld tiltak i strandsona, bruk i strid med plan, samt tiltak som inneber ny branncelle/endring i eksisterande branncelle.

Rådmannen har også prioritert å bruka noko ressurs frå tilsynsstillinga til å følgja opp saker der det for meir enn 5 år sidan er gjeve løyve til tiltak, utan at kommunen har motteke melding om at tiltaket er ferdigstilt. Desse bygningane er ført i tiltaksbasen i matrikkelen og viser i offentlege kart med omriss, men når dei ikkje er ferdigstilt vert dei ikkje ført i byggbasen og får ikkje bygningssymbol i kartet. Kommunen som matrikkelstyresmakt har lovpålagt plikt til å halda kart og matrikkel oppdatert, og har fått krav frå Statens kartverk om å avklara status for desse bygningane og retta kart og matrikkel.

Delrevision komuneplanen:

Arealplanleggar Rolf Raknes orienterte om arbeidet med delrevisionen av komuneplanen. Han viste til at planarbeidet har fokus på følgjande tema:

- Føresegner i komuneplanen
- Strandsone og havområda

- Budstader i LFN, frådelte eigedomar med eksisterande bygg

Det er utarbeidd funksjonell strandsoneanalyse for heile kommunen, som først og fremst er eit verktøy og kunnskapsgrunnlag for å setja grense for bygging mot sjø. Det vert også utarbeidd analyse for LNF spreidt busetnad, og det vert lagt inn bandleggingssoner for kulturminne. I planarbeidet vert det også tatt ein gjennomgang av arealbruk i strandsone, og plankart og føresegner blir slege saman.

Ordførar Jon Askeland peika på at Nordhordland og Radøy er eit sterkt oppdrettsområde. Han er opptatt av å få opna opp for meir utnytting av sjøareal til oppdrettsnæringa, og meiner det i kommuneplanen må vurderast korleis ein kan definera fleirebruksområde i sjø for å etablera nye lokalitetar.

Leiar for teknisk forvaltning, Tonje N. Epland, viste til at ny arealbruk for akvakultur vil utløysa krav om konsekvensutgreiing (KU), noko som vil gjera at revisjonen av kommuneplanen vil ta noko lenger tid. Ho rår i staden til at det blir kjørt to kommuneplan-revisjonar samtidig dersom ein også vil ha fokus på sjøareal.

På spørsmål frå Kenneth Taule Murberg (H) svara Epland at målet er å få kommuneplan-revisjonen ut på til politikarane i løpet vårparten - der det vert tatt stilling til om planen kan sendast på 1. gongs høyring. Dersom planframleggget ikkje må ut til 2. gongs høyring, er det håp om at planen kjem til politisk behandling i første møtet etter sommarferien.

Arealplanleggar Rolf Raknes orienterte også om andre planar som det blir arbeidd med eller som er på beddinga. Det gjeld følgjande planar:

- Mindre endring Austmarka øvre
- Mindre endring Hylla
- Austmarka sentrum – 1. høyring
- Bø skole og barnehage – 1. høyring
- Områderegulering Haukeland – innstilling til KS for godkjenning
- Mangervåg kloakkanlegg – 1. høyring
- Kommunedelplan Bø – merknader, justering?

Manger-plan: Leiar teknisk forvaltning, Tonje N. Epland, orienterte om arbeidet for reguleringsplan for Manger. Ho opplyste at kommunen har bede om anbod på konsulenterarbeid. Det som i planstrategien er omtalt som områdeplan for Manger, blir no delt inn i to reguleringsplanar.

Rådmann Jarle Landås informerte om at NGIR har meldt si interesse for å utvida sitt område for gjenbruksstasjonen, i området der det også er planar om å byggja ny brannstasjon. Rådmannen ser det som interessert at NGIR sitt utbyggingsbehov kan bli ein integrert del av brannstasjonen.

Kirkens SOS: Radøy kommune gav 5000 kroner i støtte til Kirkens SOS i 2017. Formannskapet ønsker å leggja seg på same nivå som dei to andre Alver-kommunane. Både Meland kommune og Lindås kommune gir eit tilskot tilsvarande kr 1 per innbyggjar. Utfrå dette gir Radøy 5000 kroner i støtte til Kirkens SOS.

Med i MOT: Kommunalsjef for oppvekst, Olaf M. Hella, informerte om at Radøy ungdomsskule har underskrive avtale med organisasjonen MOT. Han orienterte om MOT-programmet og sa at hans erfaring frå Lindås er at MOT-programmet er ein suksesshistorie for å skapa gode læringsmiljø. Hella sa at programmet har fokus på dei unge si livsmeistring.

Kommunalsjefen kjem tilbake med ei meir omfattande orientering om MOT.

Flyttar junimøtet: På grunn av reiseaktivitet tok ordførar Jon Askeland opp spørsmålet om å flytta siste kommunestyremøtet før sommarferien. Formannskapet konkluderte med at møtet blir flytta frå 14.- til 21. juni.

Formannskapet vedtok rådmannen sitt framlegg til vedtak, med dei tillegg som vart sett fram i møtet.

Vedtak:

Meldingar og referatsaker vert tekne til orientering
